



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
12.06.2018
Dykkar dato
29.05.2018

Vår referanse
2018/6866 421.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale dispensasjon til etablering av tilkomstveg på gnr. 100 bnr. 13, Fjellsende, Lindås

Vi viser til brev frå kommunen datert 29.05.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av tilkomstveg til hytte og avløpsanlegg.

Det aktuelle område ligg som LNF-formål i arealdelen av kommuneplanen. Det er søkt om dispensasjon i frå LNF-føremålet og byggjeforbod innanfor 50 meterbelte i frå vassdrag jf. føresegn 5.5 i kommuneplanens arealdel.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Den omsøkte vegen vil gå over eit samanhengande innmarksbeite og dele det i to. Det er ikkje opplyst kor mykje areal som vert omdisponert, men etter det vi kan sjå må det vere minimum 300 m². Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering. Stortinget har også skjerpa måla for omdisponering av dyrka mark frå 6000 daa til 4000 daa i året i den nasjonale jordvernstrategien.

Vi forstår at det er ynskjeleg med veg til fritidsbustaden, men det er ikkje naudsynt. I tillegg skal denne vegen skal berre tene ein fritidsbustad. Det står i søknaden at vegen kan nyttast til drift og vedlikehald av landbruksarealet, utan at dette er forklart nærmare. Slik vi forstår saka er vegen ikkje naudsynt for drifta av innmarksbeitet.

Den omsøkte vegen skal gå over eit fint kulturlandskap og vår vurdering er at vegen vil forringje verdien av kulturlandskapet.

Fylkesmannen si vurdering er at det er uheldig å omdisponere dyrka/dyrkbar mark og bygge ned kulturlandskap utan at det føreligg særlege samfunnsmessige grunnar. Vi er også uroa for moglege presedensverknader saka kan få for andre tilkomstvegar til fritidsbustader i kommunen.

Fylkesmannen rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon til veg fram til fritidsbustad på gnr. 100 bnr. 13.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.